



Agnieszka Skrzypiec-Biegalo og Kari Ljosnes viser fram 3 av plakatanne Agnieszka har laga.

**Dei som har vore og handla på SPAR Uskedalen i dag, har sikkert kjøpt noko ekstra godt til kaffien til helga. Der kaker og kaffimat er plassert, er det nemleg ekstra fine plakatar i dag. LAG DEG EI FIN HELG! MASSE GODT TIL KAFFIEN!, lokkar plakatanne som er ekstra fint illustrert av butikkmedarbeidaren Agnieszka Skrzypiec-Biegalo.**

Agnieszka Skrzypiec-Biegalo er frå Polen, men har allereie budd i Uskedalen i 6 år, og dei siste par tre månadene har den blide dama vore å treffa på butikken til SPAR. Kari Ljosnes som er ansvarleg for brød- og bakevaredelen på SPAR, fortel at ho spurde Agnieszka om ho kunne laga nokre teikningar på plakatanne då ho kom på jobb i dag. På ein blunk hadde ho laga flotte illustrasjonar på fire plakatar.

På fritida brukar nok Agnieszka lengre tid på kunstverka ho lagar. Ho har nemleg kunstutdanning med m.a. to år på kunstskule i Polen. Når vi veit kor sterkt kunst og kultur står i dette landet, skjønner vi litt av kva det betyr. Dei som har sett bileta hennar, seier at dei er heilt nydeleg. Ofte er ho inspirert av naturen, og ho lagar mellom anna flotte dyremotiv.

Agnieszka fortel at ho trivest svært godt med å jobba på SPAR. At ho meiner det, ser vi tydeleg på ansiktsuttrykket hennar når ho rosar både kollegaer og kundar. Ho trivest også godt i Uskedalen og er svært begeistra for den vakre naturen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland